

indremisjons VENNER

ORGAN FOR INDREMISJONSSAMSKIPNADEN

02 - 2024



Vi vil bygga varme inkluderande fellesskap,
vinna nye for Jesus, og gjera dei til hans disiplar.

ims

Indremisjonssamskipnaden

Med Guds ord til folket

Layout: Jan-Ove Fagerheim
Trykk: Hagesund Bok og Offset A/S
Red.: Marit H. Ådnanes
Indremisjonssamskipnaden
Postboks 150, 5401 STORD
Tlf.: 53 41 07 04
Bankgiro: 8220.02.80454
Opningstider Indremisjonskontoret:
Måndag – torsdag: 09.00 – 15.00
Fredag: Stengt
Heimeside: www.indremisjonen.no
E-post: post@indremisjonen.no
www.facebook.com/Indremisjons-samskipnaden

IMS-styret

Bernt Arild Gjøvåg, leiar
Oddvar M. Torget
Petter Lid
Hilde Karin Vedøy Eiken
Eva Karin Schmidt
Henriette S. Bjørnevik
Tor Tveitane

Sven Tore Kulleseid, 1. vara
Marianne Heggholmen Aarbø, 2. vara
Jan Ole Høiby Hansen, 3. vara

Helgatun Fjellpensjonat A/S

5713 VOSSESTRAND
Telefon: 56 51 98 98
Bankgiro: 8220.02.80497
Dagleg leiar: Jorunn F. Johannessen
Heimeside: www.helgatun.no

Brandøy Misjons- og konferansesenter A/S

5584 BJOA
Telefon: 53 76 98 81
Bankgiro: 8220.02.80470
Dagleg leiar: Andreas C. Våge
Heimeside: www.brandoy.no

Framnes KVGs

5600 NORHEIMSUND
Telefon: 56 55 05 00
Bankgiro: 8220.02.80292
Rektor: Harald Voster
Heimeside: www.framnes.vgs.no

SunnBok

Postboks 23, 5401 Stord
Telefon: 53 41 20 01
Dagleg leiar: Silje Fyllingen
www.sunnbok.no

Framsida-foto:

Nokre av
konfirmantane
i ConTeenNew.

Foto: Bernt Arild Gjøvåg

Takk og nød, samtidig

Leiar av
Marit H. Ådnanes
Dagleg leiar



Årsmøtet er forbi, og tankane følgjer med. Det eg gledde meg mest til denne dagen var fellesskapet; det å sjå kvarandre og kjenna at «her høyrer eg til». Så var eg naturleg nok spent på fleire av sakene. Korleis kjem me oss ut av desse? Klarar me å stå saman, sjølv om gjerne tenkjer ulikt om ting? Det er noko med krafta som vert sett i bevegelse når mange trekkjer i same retning.

«Å gå på medlemsmøte ein gong i månaden har like stor effekt på lukka som å double inntekta», seier Lasse Berg, gjengitt av Tomas Sjödin i boka «Den som finner sin plass, tar ingen annens». Kanskje stiller du spørsmålsteikn ved dette. Tanken er at det er viktig å høyra til i ein samanheng der ein kan gi sitt bidrag. Dette belønningssystemet vert ikkje vist på bankkontoen. Me kan nesten gjera kva som helst, berre me får gjera det saman. Kjensla av å høyra til er viktig. Eg veit om menn der høgdepunkt er praten under bedehusvask og kaffien etterpå. Eg veit kor verdifullt det er å stå saman med styre og vaksenleiarar i ungdomsarbeidet heime. Me bidreg og høyrer saman. Eg tenkjer på samhaldet blant ConTeenNew-deltakarar og deira leiarar. Eg veit kor mykje samhaldet blant elevane under Bildøyturane betyde.

Noko å gjera, nokon å elska og noko å håpa på

Å vera lukkeleg krev tre ting, står det i boka nemnd ovanfor: noko å gjera, nokon å elska og noko å håpa på. Og kanskje er lukka eigentleg eit biprodukt, noko som skjer medan du gjer desse tinga. I Venen i dag kan du lesa om «små båter», berekraftige små fellesskap. Eg trur at slike fellesskap kan oppfylla desse ønska. Det kan også det kristne fellesskapet som er gitt deg, der du bur. Og om du ikkje har eit, kan du gjerne vera med å forma eit.

Samtidig

Eg har mykje å takka Gud for og gleda meg over, både i IMS og lokalt i arbeidet. Så er det alltid eit SAMTIDIG. Fremja Guds rike og halda oppe livskraftige fellesskap; difor er me til, står det i formålsparagrafen til IMS. Ønsket og draumen om nye fellesskap, som igjen kan nå nye. Ein til, ein til for Guds rike. Dette er vår nød, dette er min nød. La oss halda dette høgt oppe, samtidig som me takkar for alt som er bra og alle frukter arbeidet gir.

Fortel!

Gud har gitt ulike lengsler og ulike gåver. I frivillig-arbeidet som Sjödin er del av, består samtalen med aktuelle menneske av to deler; innleiande samtale der dei fortel om liv og tru. Så går dei vidare til hovudspørsmåla: Kva ber du på? Kva brenn du for? Ofte byrjar me i motsatt ende; me fortel om alle leiarane me manglar, og alle oppgåvene som må utførast. «Blomstresamtalar» kallar Sjödin samtalane for. Det er noko som skjer når ein høyrer seg sjølv fortelja. Ord som vekker noko slumrande til liv. Til deg som les dette: Kva kunne du tenka deg å gjera, som du enno ikkje har fått høve til å verkeleggjera?


Klarar vi saman å auka antal faste gjevarar til IMS?

Første kvartal i 2024 er lagt bak oss og vi vil takka alle som har vore med å støtta oss dette kvartalet! Tusen takk til deg som gir enkeltgåver, og tusen takk til deg som har fast gjevarteneste til oss. Økonomien og aktiviteten til IMS er i hovudsak bygd opp av gåveinntekter; frå lag, foreiningar, enkeltgåver og gjevarteneste. Vi ser at antal faste gjevarar har gått litt ned det siste året. Vil du vera med å snu trenden?

Fast gjevarteneste gir oss ei forutsigbar inntekt kvar månad, og du har ein god oversikt over gjevartenesta di. For å oppretta fast gjevarteneste, eller oppdatere allereie eksisterande, går du inn på imf.no og klikkar deg inn på «Gi gave», velg så «støtt lokale prosjekt», der vil du finna Indremisjonssamskipnaden som eit av prosjekta. Eller gå inn på «Min side» dersom du vil endra på eksisterande gjevarteneste.

Tusen takk til deg som står med i arbeidet gjennom forbønn, økonomiske gåver og med gode ord.

Rekneskapet pr. 30. april
viser eit driftsunderskot på kr 408.294,-.
Året før var det eit underskot på kr 604.028,-.



Gi di gåve med
v:pps
Vipps-nummer: 102696

Ynskjer du å bli fast gjevar?

Kontakt kontoret, tlf 53 41 07 04, eller finn skjema/link på www.indremisjonen.no

Det er mange bønner i en god kopp kaffe

Andakt av
Vidar Mæland Bakke,
Talar på IMS Sommarfest



Det begynte som en dårlig spøk for noen år siden. Vi hadde startet opp en ny praksis midtveis i gudstjenestene der jeg til vanlig er prest: I forbindelse med den lille pausen da barna går ut til eget opplegg, trillet en gjeng med kirkeverter fra smågruppene inn en tralle med kaffe og delte ut til de voksne. Da forklarte jeg at den nye praksisen passer godt med gudstjenestens liturgi, for det er mange bønner i en god kopp kaffe! Med årene har disse ordene blitt som et slags åndelig livsmotto for meg: «Det er mange bønner i en god kopp kaffe». Det er mer enn en lek med ord.

Jeg vet godt at den hyppige kaffedrikkingen i kirkelig sammenheng kan oppleves ekskluderende for dem som ikke liker kaffe. Slik ikke alle drikker kaffe, er det ikke alle

som kjenner på guds nærvær i alle slags bønner heller. Noen foretrekker den liturgiske, noen den frie og spontane.

De siste månedene har jeg hatt praksis som sykehusprest på Lovisenberg. Da har jeg ruslet rundt på en sykehusavdeling med en kaffe i hånden. Ikke alle verken liker eller blir anbefalt av legen å drikke kaffe mens de ligger på sykehus med for eksempel mageproblemer. Ikke alle jeg snakket med fant det naturlig å selv be til Gud, verken høyt eller stille. Men ved å bære på en kaffekopp midt blant travle sykepleiere og leger, kommuniserte jeg noe mer enn at jeg liker en besk svart væske. Jeg kommuniserte tid, tilgjengelighet og lave skuldre. «Skal vi ta en prat?»

Og ofte spurte jeg mot slutten av samtalen: «Er det greit at jeg ber en bønn for deg, enten nå eller når jeg kommer for meg selv?» Ingen svarte nei. De aller fleste takket ja til bønn der og da.

Kaffen kan stå som et symbol på en nærværende, interessert og relasjonell Gud, en som ønsker kontakt med sine barn. Svært mange av dem som ikke er «praktiserende kristne», har aldri sagt nei til Jesus. De kjenner ham bare ikke. Du og jeg er kalt til å være en lampe som lyser opp Guds ansikt, slik det står om Guds folk i 1. Kongebok 11,36. Kanskje kan lampen være en kaffekopp?

NY DAGLEG LEIAR!

Ønsker du ei meningsfull leiarutfordring på vårt kristne fjellpensjonat, vakkert lokalisert i Myrkdalen?

For meir info om stillinga kontakt:
Marit Hårklau Adnanes, dagleg leiar IMS
E-post: marit.adnanes@indremisjonen.no
Mobil: 415 17817



Helgatun

Laurdag 15. juni arrangerer vi
MISJONSLØP
på Brandøy til inntekt for IMS.

Runden er 777 meter.
Kl. 15.00-15.15: BARNELØP
Kl. 15.30-16.00: VAKSENØP

Skaff sponsorar, enten per runde eller fast beløp, og bli med!

ims
SOMMARFEST

BRANDØY
14. - 16. JUNI 2024

WWW.IMS-SOMMARFEST.NO



NO KAN DU KJØPA LODD TIL INNTEKT FOR



**Kr. 20,-
per lodd.**

Du kan mellom anna vinna:
- Overnatting helg i leilighet i Helgatunlia (8.000,-)
- PlayStation5 Slim (6.000,-)
- SurPlus Aqua SUP-brett (5.000,-)
- Legio Nova bestikkssett '48 deler' (4.000,-)
- Storfeskinn frå Granberg Garveri (3.000,-)
- Bålpanne Espesgård 70 (2.600,-)
- BabyBorn-dokke m/ garderobe (2.000,-)

<http://lodd.brandoy.no>



BE FOR:

- Sommarleirane
- Tilsette i IMS og avdelingane våre
- IMS Sommarfest i juni
- Økonomien til SunnBok og IMS
- Lyngdal Bibelcamp og UL

TAKK FOR:

- Gode leirar/weekendar i vår
- Barne- og ungdomslaga og kora våre
- Eit godt Årsmøte i april
- Flott ConTeenNew-konfirmasjon
- Takk og be: 2. Peter 1, 1-11.
Trua skal utfalda seg i livet

Send gjerne bønneemne til kontoret, så ber vi når vi har andakt i lunsjpausen vår. SMS 415 17 817 eller på mail post@indremisjonen.no

«Vår Far i himmelen! Lat namnet ditt helgast. Lat riket ditt koma. Lat viljen din råda på jorda slik som i himmelen. Gjev oss i dag vårt daglege brød, og tilgjev oss vår skuld, slik vi òg tilgjev våre skuldnarar. Og lat oss ikkje koma i freisting, men frels oss frå det vonde. For riket er ditt og makta og æra i all æve. AMEN.» »

Matt 6, 9-13

50 år i teneste

-- Av Marit Hårklau Ådnanes --

Å romma Marit Andresen Røen si teneste på ei side er ikkje lett. Under intervjuet kjem det fram den eine sterke historia etter den andre. Eit langt liv i teneste; uteljelege leirar og samtalar, andaktar og vekkingar, fotballkampar, fang å sitja i, barnesang og så mykje meir.

Det var tider det

Sommaren 1974 kom Marit til Stord for å arbeida på Stord off. spesialskele på Haga. Vaktmeisteren var engasjert på bedehuset i Nordbygda, og her gjekk også Marit aktivt inn i arbeidet. - Bedehuset var nær vegen og eg gjekk rundt og samla barna med tau, slik at dei kunne halda i det. Det var stappfullt med barn på samlingane, minnest Marit. Liv Rølsnes kom frå Indremisjonssamskipnaden (IMS) og fortalde om leir. Eg vart veldig tent for dette. Sommaren 1975 var eg på Brandøy nesten heile sommaren. Eg var berre 20 år og hadde mykje ansvar. Eg var visst heilt vill. Eg sparka fotball, og kledde meg ut med puter. Barna heiv meg uti sjøen. Etterpå var det leirmøte og eg sat der klissvåt. Det var jo berre ein dusj på Brandøy. Oi, oi, oi – det var tider. Men så fantastisk kjekt.

Lærer dagtid, evangelist kveldstid

Hausten 1975 byrja Marit på lærarskolen, men ho måtte gi seg våren 1976. Kallet og engasjementet vart så sterkt. Nokre år seinare fullførde ho likevel. 1976-1977 var ho lærar på Bremnes ungdomsskule, samtidig som ho reiste mykje. Blant anna stod Marit i vekking i Sveio, veke etter veke, med Bjarne Eide, Ole Abel Sveen og Liv Rølsnes. Det var fleire som tok imot Jesus på Laurhammer også. Ho hugsar eit barnemøte med 300 menneske tilstades. Frå hausten 1977 vart Marit fast tilsett i IMS.

«Liv og overflod»

Uttrykket var det Alfred Hamre som introduserte. Han var ærleg, og sa at eg var nok litt voldsom for han. Men han såg hjartet mitt for Jesus, seier Marit.

Det var lettare å invitere til samlingar før i tida. Barna hadde ikkje mobil og data, og var elles ikkje så aktive. Liv og meg var veldig ofte innom skular, sidan me var lærarar begge to. Liv spelte gitar, og eg fotball. Me fekk god kontakt med barna, og inviterte til barnemøte.

Leir er viktig

Marit har ikkje tal på alle leirane ho har vore på gjennom alle desse åra. Framleis ivrar ho for leir. - Det er ein fantastisk moglegheit til å gi Guds Ord systematisk nokre dagar. Barna kan sjå at me er «normale»; me et, søv og leikar oss.

Fekk profetisk maleri

Allereie som 20-åring fekk eg eit maleri av Peder Leithaug. Det er ein familie på fire som spring hand i hand mot lyset. Mammaen er heilt rød frå topp til tå. Fru Røen er jo meg, smiler Marit. Det biletet har halde meg oppe mange gonger. I august 1993 var me ute for ei alvorleg trafikkulukke. Det første ordet eg slo opp etterpå var Salme 118, 17: «Eg skal ikkje døy, men leva og fortelja

om Herrens gjerningar». Og dette har verkeleg vore Marit sitt motto heile livet; fortelja om Herrens velgjerningar. Noko av det største for meg er når me som familie står saman i tenesta. Ikkje minst er eg takksam for song- og musikkbidraga til Knut Inge, Linn Borgny og Benjamin til inntekt for Helgatun, Brandøy og andre samanhengar.

Kom i politibil til bedehuset

Eg skulle ha leirkveld i Herøysundet bedehus. Eg skulle henta noko, og fekk dårleg tid, i tillegg til at eg trudde fartsgrrensa var 80. Det gjekk gale. Polititet tok ifrå meg sertifikatet der og då, og dei måtte køyra meg til bedehuset slik at eg kunne gjennomføra kvelden.

Der og då var det veldig tøft. Me var forlova og skulle planlegga bryllaup.

Eg hadde møte i Fitjar kyrkje då dommen kom; kr 2.000,- i bot og 14 dagar i Sandefjord kvinnefengsel. I mellomtida var bryllaupet, og like før fengselsopphald hadde eg tatt stemmebandopptak, og var utan stemme. «Då fekk du ikkje vitna i fengselet», konkluderer eg. «Å jo da», repliserer Marit. Eg hadde med tavle og skreiv. Knut Inge hadde også gitt ut sin første CD, som eg hadde med, pluss traktatar og anna.

Takk Marit!

Eit evangelisthjarte er alltid beredt. Og slik kjenner me Marit. I brann for Jesus, kjær for så mange, med eit varmt og samtidig sart hjarte. Takk for all din iver og kjærleik, og alt du har fått bety – og betyr for så mange.



Knut Inge, Benjamin (1994), Linn Borgny (1991) og Marit.



Liv Rølsnes og Marit Andresen Røen var i mange år eit radarpar.



Ein stor del av Marit si teneste har vore song med barna, og i fleire tiår har ho vore engasjert i Samnanger barnekor og KingSing. Her frå «gamle dagar» i Samnanger.



Årsmøte i IMS

-- Leirvik bedehus, laurdag 20. april --

For andre gong gjennomførte IMS sitt årsmøte skilt frå sommaren si storsamling. Erfaringa har vore så gode at ein vedtok å halda fram med dette skiljet. Dette året møtte 73 utsendingar.

Avtroppande leiar i IMS-styret, Ole Bernar Innvær, ynskte varmt velkomen. Ragnhild Nesse og Hanne Synnøve Tislavoll leia oss i allsong, og Runar Landro minna oss på å ikkje «stivne i gamle former», men rette fokus mot Han som har evne og makt til å gjere alle ting nye! Då kan det faktisk lukkast å nå IMS sitt mål om «meir misjon»!

Liv Ingunn Heie Medhaug og Tore Skeie leia årsmøte med stødig hand.

Andreas Våge var representant for Indremisjonssamskipnaden Holding AS og Helgatunlia. Mange takka nok Gud i sitt stille sinn for denne dyktige mannen som igjen gav oss grunn til i full tillit å seia ja og amen, til forslaget som låg føre.

Meir nært misjonsfolket sitt tanke-mønster, låg nok Årsmelding for IMS, lagt fram av dagleg leiar Marit H. Ådnanes. Takk til Gud også for ho og hennar medarbeidarar som år etter år står på for at unge og eldre skal bli inspirert og utrusta til teneste.

- Nytt av året er «UNG leiar-team»:

Linda Aase og Eirik Stensland.

- 18 IMS-konfirmantar denne våren er gledeleg rekord!
- Kontorleiar Guri Bjørnevik, losa oss gjennom tallause tall. Som alltid viste tala mykje gjevarglede, men også eit underskot på kr 677.536,- noko vi må ta innover oss.

Valnemnda, leia av Hilde Karin Eiken, hadde hatt utfordringar med å få folk til styret. 64 nei og 4 ja seier sitt! Bernt Arild Gjøvåg var formannskandidat, og vart einstemmig vald, og ynskt varmt velkomen. Ei varm takk gjekk også til Ole Bernar for seks års stødig og omsorgsfull leiing av IMS-styret.



Varm takk til avtroppande styreleiar Ole Bernar Innvær.

Rapport frå avdelingane

Vi møtte ein optimistisk rektor på Framnes, Harald Voster, som gledde seg over fulle hus og elevar som står i ei stille vekking. Denne starta med ein mindre flokk elevar i bøn kvar morgon, og har auka til ein stor flokk der ein og ein har kome til tru og blitt grunnfesta.

Andreas og Anbjørg Våge uttrykte stor glede og takksemnd for at mange står med dei og bidrar økonomisk i så stor grad at Brandøy går i pluss så langt i år!

Dei såg også fram til IMS Sommarfest i juni, og ønska fulle hus og fulle bubilparkeringar.

Jorunn Johannessen orienterte om eit år der mykje har skjedd på Helgatun. Ei svært omfattande opprusting ligg bak, og eit tiltalende Helgatun vil møta alle som kjem!

Orientering om Helgatunlia vart lagt fram av ein optimistisk Odd Inge Austevoll. Han kunne fortelja om eit forventa overskot på kr 80 mill for prosjektet. Han takka no av, og årsmøte takka han for den uunnverlege jobben han har gjort desse åra.

Silje Fyllingen kunne slå fast at SunnBok som alltid er ei utfordrande bedrift, men uttrykte desto større glede over at den fortsatt er i drift.

Sak om førebuing «sal av IMS-huset» vart lagt fram av Svein Bjarne Aase, og vart einstemmig vedteke.

Sak om ImF-prosess vart lagt fram av Ole Bernar Innvær. Gruppesamtalar rundt forslag til vedtak, enda opp i eit noko endra forslag, med vekt på moderasjon i forhold til utvikling av ressurscenter i ulike regionar i IMS. Det nye forslaget vart einstemmig vedteke.

Samtale om arbeidet

Det vart ein engasjert samtale med hovudfokus på dei eldste tenåringane som ofte fell «mellom to stolar». Ein samtale som både utfordra og gav håp for arbeidet vidare.

Marit Lindekleiv

Indremisjonssamskipnaden



I samtale om ImF-prosess, f.v. Anbjørg N Våge, Odd Inge Austevoll, Harald Voster og Bjørg Marit Notland.



73 utsendingar var møtt fram til årsmøtet.

Små båter – berekraftige små

Nettopp dette var eit av fellestema, både under Kraft- og Forsamlingskonferansen i vinter. Hausten 2023 budde Marte og Rune Kvilhaugsvik saman med sine fire barn i Bardney, England, der dei fekk sjå «små båter» praktisert.



«England here we come!»

Hausten 2023 var Marte og Rune Kvilhaugsvik frå Fitjar i Bardney, England, saman med barna Mathea (12), Isak (10), Fride (8) og Kaleb (4).

Både i England og Europa går kyrkja og forsamlingslivet ned. Me treng nye måtar å vera «kyrkje» på, som kan arbeida side ved side med tradisjonell verksemd, slik at flest mogleg kan få bli kjend med Jesus. Me treng fellesskap som er forma av konteksten ein bur i, og fellesskap som veks fram gjennom relasjonar og ikkje aktiviteter. Fellesskap leia av Jesu Ord, Den Heilage Ande og fokus på å gjera disiplar. Marte og Rune er engasjerte når dei deler omkring temaet under konferansane.

«Små båter» - kva betyr det?

Båten er den primære plassen der ein høyrer til, får omsorg, fellesskap og lever disippellivet. Me tenkjer ofte motsatt; at det er det store fellesskapet som er det primære. Ein småbåt er eit levande fellesskap der ein er saman fleire gongar i veka. Ein er ikkje saman heile tida, men deler det ein står i, og veks gjensidig på det. Her leier ein saman, har måltidsfellesskap, ber og knytter tettare relasjonar. Saman med dette fellesskapet er ein også sendt ut for å leva misjonalt, som misjonærer i nærmiljøet.

Småbåtane kjem inn til havna

Det er eit fint bilete med disiplane som ikkje får fisk, seier Rune. Dei kjem inn til havna. Jesus seier at dei skal leggja ut igjen. Då får dei mykje fisk. Andre kjem til og hjelper. I havna møtest småbåtane for å kvila, dela historiar, oppmuntra kvarandre, oppleve helbreding, fornying, mentoring. Barn og unge kan møta andre unge. Det er ikkje så nøye kva det vert kalla, men me forstår biletet. Og det er gjerne lettare for oss å relatera til dette som bur langs kysten, enn folk i England, midt i Bardney, seier Rune. Ein småbåt er skapt for å fiska. Båtane ser ulike ut, har litt ulike funksjonar og har vore ulike stader. I havna får dei stell og blir istandsatt til fisking.

Historia om Pete, Kath og Bardney

For om lag 30 år sidan var ekteparet Pete og Kath Atkins med og starta Treshold kyrkje. Dette er ei ganske tradisjonell forsamling i Lincolnshire, to timars køyring aust for Manchester. Under ei gudsteneste, for om lag 15 år sidan, utfordra Pete folk om å koma fram og markera ein stad på

kartet dei ville forplikta seg å be for. Over tid, sjølv om kona Kath i starten var skeptisk, bad dei for staden Bardney, som ligg ein liten halvtime frå Treshold. Etter to år enda det med at Pete og Kath flytta til Bardney. Dei hadde 40 dagar med faste og bøn for kor dei skulle bu, kva hus dei skulle kjøpa m.m. Dei enda med å kjøpa ei stor gammal løe som dei har pussa opp.



Kath og Pete Atkins



felleskap

Ei utfordring i starten var andre kristne som tenkte at no kom det folk som skulle hjelpe dei med aktivitetane. Heilt til i dag har dei ein gong i månaden hatt felles bøn med andre kristne leiarar i landsbyen. Sjølv om dei tenkjer ulikt omkring fleire ting, opplever dei einskap og at dei heiar på kvarandre.

Såg endring i lokalsamfunnet

Då Pete og Kath kom til Bardney begynte dei å sjå etter behov. Mange tenkte dårleg om seg sjølv, og det var mykje nød. Dei starta kafé for å bygga relasjonar. Fleire har blitt med på Alpha-kurs. Den første som vart ein Jesu-etterfølgjar er no dagleg leiar på kafeen. Ho har gode auge og øyre, og tar ting med til fellesskapet i bøn om det er noko. Det er også starta arbeidstrening for ungdommar. Fleire har valt å flytta til Bardney på grunn av kafeen og miljøet som er skapt. Skulen hadde 80 elevar og dårleg rykte. Pete og Kath tok kontakt og lurte på om det var noko dei kunne gjera. Dei bad om 100 elevar. No har skulen 250 elevar og godt rykte; «outstanding».

Ynskjer å bety noko for landsbyen

Alle som er i fellesskapet har eit ønske om å verka i Bardney. Det er fantastisk å få vera del av eit slikt fellesskap, der dei ønsker å vera del av noko utover seg sjølv, seier Rune. Små båter er karakterisert av fem praksisar med utgangspunkt i Apg. 2, 42-47, der det å gjera disiplar og sjå samfunnet rundt bli forandra er ein av desse praksisane. Kvar søndag kveld samlast «småbåten» i Bardney. Dette er kjernefellesskapet der ein deler nattverd og ber. Fredag kveld inviterer ein dei som er nysgjerrige på tru. Fleire av desse er også begynt å koma søndagen. Kvar morgon er det bøn. Ein gong i månaden kjem dei til havna, til Treshold, for fellesskap og gudsteneste.

«Slik vil eg bli når eg blir stor!»

Både Marte og Rune har vore i Bardney to gongar kvar, ein gong saman og ein gong kvar for seg. Dei har også møtt Pete og Kath i Noreg fleire gongar. Me kjente begge at måten dei er på som personar, og måten dei gjer ting på, lengta me etter, seier Marte. Eg tenkte at «slik vil eg bli når eg blir stor!». Då eg var der i fjor vinter, fekk eg ein kommentar på at her skulle me jo reist bort heile familien. Tankane begynte å kverna, og dei slapp ikkje taket. Me budde i eit hus i hagen til Pete og Cath i tre og ein halv månad. Eg hadde fri, og prøvde å henga meg på alt dei dreiv med. Hovudhensikten var at me ynskde å

sjå og erfara korleis dei levde fellesskapet og korleis dei var utadretta. På dagtid var våre tre eldste barn på skule, og yngstemann Kaleb var i barnehage. Rune driv rekneskapsfirma, og hadde «heimkontor».

Vart samansveisa som familie

Det er noko med å oppleva ting saman som familie. Det var fint å sjå korleis barna tok seg av kvarandre. Me er kalla som familie, og kan vera med å bety noko for andre som familie også. Ulempa var at det var lite barn i fellesskapet, og fleire av samlingane var lagt til kveldstid. Me snakka saman om det. Under morgonbøn la ein til rette for barna også. Så var det gongar der me berre var saman og hadde spelekveld eller anna. Barna følte seg totalt heime og avslappa. Det gjekk greit med språket, og barna var gode på berre å prøve frå første dag. 3.-14. juni reiser me bort til Bardney igjen alle, slik at barna også får treffa klassekameratar og venner.

Draum for våre bygder

Me ynskjer å sjå små kristne fellesskap i kvar bygd me bur i, seier Rune og Marte. For oss i indremisjonen med Haugiansk bakgrunn er det ikkje fjernt med samlingar i heimane.

På veg bort til England fekk Rune bilete av vardar som tenner kvarandre. Vårt fellesskap kan tenna den neste bygda, som igjen kan tenna den neste. Me tener ein stor Gud. Alt er mogleg, og me skal få vera med på oppdraget. Marte deler også ei historie frå ein samtale med Pete. Då den store katedralen i Lincoln skulle bli bygd, sa byggeleiaren at nå må me planta skog, for det trengs i arbeidet med å bygga kyrkja om 80 år. Sjølv ville han aldri få vera med på

det, men han tenkte langsiktig. Kva må me gjera no fordi kyrkja treng det om 80 år. Tilsvarande kan me tenkja; kva må me gjera no, fordi menneske treng det om 80 år?

Så aktuelt

Pete og Kath er i 70-åra. Dei får til så mykje desse åtte personane som møttest i Bardney. Tenk alt som kunne skje viss fire møttest lokalt, delte ting og bad for bygda, seier Marte. Landsbyskiltet til Bardney, er ei open dør. Me må ha forventning til Gud. Små båter, livskraftige små fellesskap, er aktuelt for alle bygder.

Kva er ropet eller behovet på din heim plass? Kan du gjenkjenna nokon behov som Gud kan leia inn i? Dette var spørsmål me fekk til å grunna på under konferansane. Korleis kan me la Guds rike koma, og la Hans vilje skje (Matt. 6, 10)?



«Small boats» av Sarah Grant.



QR-koden: Høyr Marte og Rune Kvilhaugvik under Kraft-konferansen i mars.



Barne- og ungdomssidene



Eirik Stensland - Lise Marie Th. Litlabø

Leirar framover

Brandøy:

IMS Sommarfest

For alle
14.-16. juni
Pris: Maks kr 5000
3-7 år = kr 890
8-12 år = kr 990
13-16 år = kr 1295
Vaksen = kr 1990

For fleire alternativ, t.d. telt, bobil, båt; sjekk www.ims-sommarfest.no

Sommarleir

5.-7. klasse
21.-23. juni
Pris: kr 900

Sommarminileir

2.-4. klasse
24.-26. juni
Pris: kr 900

Familieleir

For heile familien
28. juni-2. juli
Pris: Maks kr 6500
3-7 år = kr 1140
8-12 år = kr 1260
13-16 år = kr 1690
Vaksen = kr 2340

Helgaton:

Minileir

2.-4. klasse
24.-26. juni
Pris: kr 900

Tweensweekend

5.-7. klasse
24.-26. juni
Pris: kr 900



Indremisjonssamskipnaden
Med Guds ord til folket

Meir info finn du på nettsida vår under fana "Arrangement" og deretter "Leirar". Her kan du melde deg på leir og lese meir om kva ein leir inneheld.

www.indremisjonen.no
post@indremisjonen.no
tlf 53 41 07 04

www.indremisjonen.no

Påskefestivalen 2024

Det er alltid ein fest å få feira fyrste del av påska på Brandøy. Rett i underkant av førti ungdommar og leiarar fekk denne langhelga høyre budskapet om Jesu frelsesplan, om hans kjærleik til oss og om menneske som frå tida rundt Kristi krossfesting til den dag i dag vitnar for oss om kven Gud er.

Så har me sjølv sagt hatt mykje kjekt sosialt, seine netter og mykje humør. Det som sit best igjen er nok likevel å få sjå ungdommar som sjølv vitnar og som blir bevega av det dei høyrer. Midt i leiren får me oppleva at to ungdommar tek imot Jesus. Guds ord er verkeleg verkekraftig og Gud møter oss der ennå.



«En bedre historie»

Alexis Lundh, som er leiar i Heltfri.net har laga ein podcasterie «En bedre historie». Der han spør spørsmålet: «Er evangeliet gode nyheter for alle mennesker?» I serien intervjuer han mennesker som har levd eller lever i spennet mellom følelser og tru, men kor trua gir dei retning i kva valg dei tar. I den første episoden intervjuer han Noah som hadde en følelse av å vera født i feil kropp. Bruk QR-koden og høyr første episode.



JUNGS

QR-hjørne



Linda Aase - Kristine Særsten

Mitt bibelvers!

Men Gud viser sin kjærleik til oss ved at Kristus døydde for oss medan vi endå var syndarar.

Romarane 5,8

Emilie Esperø, 17 år



Tweensweekend på Brandøy

15.-17.mars var det Tweensweekend på Brandøy. Ein leir for 5.-7. klasse. Heldigvis klarte me å få plass til alle 77 som hadde meldt seg på. På denne leiren hadde me «bibelsmugling», dette blei ein stor suksess, og fleire sa at dette måtte me ha igjen. Kwart lag fekk 5 biblar dei måtte smugla gjennom tre «pass-kontrollar» før dei kom fram til målet. Dei som hadde flest biblar til slutt vant.

Under bibeltimane hadde me ei reise frå palmesøndag til påskedag. Tenk at me fekk lov til å fortelje om påskebudskapet til så mange born. Det er derfor me reiser på leir og me gler oss allereie til neste gong me kan samlast på Brandøy.



Du gir liv her nede
Du gir tro, håp og livsglede
Du er Gud
Vi priser deg
Hallelujah!

Elevar frå Bildøy på besøk

Kvar vår reiser elevar frå Bildøy ut i team for å praktisera noko av det dei har lært. 10.-14. april fekk IMS besøk av ti lærerike og ivrige ungdommar. Dei var med på Mini-PitStop Leirvik, Heimetreff, Fitjar Ten-treff, UKS Leirvik, ZoomIn Gilje og Salem Moster. Dei gjekk velvillig inn i oppgåvene, og fekk god kontakt med dei unge. Høyr av ein lokal ungdom: «Viss eg får bli med i styret, kan eg bestemta at Bildøygjengen kjem igjen her då?»

Her er kva nokre i teamet seier om dagane:

Ole Andre Stokken frå Fitjar var te-amleiar. – Det har vore fantastisk å få reisa med slik ein gjeng. Me har ulike kvalitetar, og støttar kvarandre. Det er nydeleg å sjå korleis ting blir drive her på Fitjar, Stord og Bømlo. Me får øva oss i å stola på Gud i det me møter, og situasjonar me ikkje veit korleis vil bli. Fleire av oss har vakse opp i «kristenbobla», så det å møta ungdommane der dei er, har vore utfordrande og nytt.

Dette har vore veldig interessant, seier Halvar Rosberg frå Veia. Eg er sjølv engasjert i ungdomsarbeid på Veia, så det har vore lærerikt å sjå at det går an å driva på andre måtar. Eg har hatt veldig fine dagar her. Eg trur me alle har vakse mykje i det å ha så mykje ansvar, og ha samtalar med dei unge.

Det har vore veldig, veldig kjekt, sier Rut Meling. Det har vore kjekt å få sjå og bli kjent med ungdommane og arbeidet her. Det er ekstremt forskjellig frå plass til plass. – Det var fint på ZoomIn i går. Det var ein gjeng som var veldig søkande. Dei var der sjølv om dei ikkje var kristne, men dei var likevel interesserte og lette å snakka med.



Teamet som var på besøk frå Bildøy, f.v.: Halvard Rosberg (Veia), Benjamin Espevik (Foldrøyhamn), Ruben Vadheim (Årdal i Ryfylke), Ole André Stokken (Fitjar), Emilie Fyllingen (Stord), Caroline Sjøstrøm (Kristiansand), Bente Halvorsen (Varhaug), Hanna Gard (Talje), Marianne Berge (Forsand) og Rut Meling (Nærbø).

Gratulerer med konfirmasjonsdagen!

Laurdag 27. april var endeleg den store dagen komen. 18 flotte ConTeenNew-konfirmantar med familie og vener kom saman for å feira konfirmantane si bekrefting på deira tru på Jesus. Med to gudstenester, og over 600 gjester, fekk me saman bera fram konfirmantane for Gud og ynskja dei Guds signing for vegen vidare. Hjarteleg til lukke med den store dagen!

Framme frå venstre: Christine Hyttebakk, Linnea Stokken, Anine Solbakken, Ella Lone, Margrete Naustdal Aase og Abelone Susan Haga Svendsen. I midten frå venstre: Rakel Hystad Evensen, Hannah Solsvik, Mari Reiersen Økland, Guro Teistedal Dyrøy og Jan William Thormodsæter. Bak frå venstre: Einar Rydland Auestad, Samuel Aarbø Olsen, Lars Fredrik Gaustad, Jan Gunnar Helland, Edvin Eide og Johannes Andersland. (Kjølvs Aarbø Solheim er ikkje til stades på bilete, men konfirmerte seg same dag.)



Vil du veta meir om ConTeenNew? Ta gjerne ein kikk på www.conteennew.no

Mi trushistorie

Av Kåre Johan Hamre

Eivind Lorentzen Dønne vaks opp på Dønno i Hardanger. Han fortel at han hadde ein god oppvekst og barndom i starten, men at familien fekk ein del prøvingar og vanskelege ting etter kvart. Mellom anna opplevde dei dødsfall i nær familie.

Det einaste eg kan hugsa av noko religiøst i oppveksten, var ei bønestund med bestefar, seier han. Eg hugsar at eg var veldig undrande og spørjande som barn. Eg hadde ei sterk kjensle av korleis ting burde vore, i motsetning til korleis ting faktisk var.

Eivind fortel at han hadde fleire nær-døden-opplevingar i livet. Han fall i ein brønn som barn og opplevde det kritisk ein gong i tenåra då han slo hol i hovudet og såret måtte lukkast i tide. Ved eitt høve heldt han på å drukna i ei elv på Voss. Alt dette, saman med dødsfalla i familien, var truleg med på å modna han i ungdommen. Som ungdom var eg nok roleg og mild av natur, seier han, men samstundes litt utforskande. Eg vart med på det andre ungdommar dreiv med av fest og fanteri!

Eivind fortel at då han vart meir vaksen, i 20-åra, var interessa for det digitale og for mekaniske ting større enn ho er i dag. Han tok utdanning i den leia. I midten av 20-åra, etter fullført utdanning, prøvde han å få seg arbeid, men fekk ikkje «napp». Det vart ei vanskeleg tid. Dermed tok eg ein skarp sving og byrja på eit heilt anna felt, med arbeid innanfor omsorg og skulevesen, seier han.

Cannabis, nyreligion og psykedelisk te

Parallelt med dette begynte han å søkja og vart meir open for cannabis, som han før hadde hatt motførestillingar mot. I 2015 var han tre månader i Australia. Då eg kom tilbake derifrå, var eg begynt å bli litt liberal, hugsar han. Det var rart å koma heim til kalde Noreg. Eg begynte å utforska yoga, meditering og nyreligion. I 2017 kjende han på ei dragning mot å dra til utlandet for å prøva ein psykedelisk te. Dette var noko han hadde lese om på nettet. Ei nyfikne var vekt. Dermed drog han til Peru i 2018. Der var han på ein spesiell stad, der han over sju dagar gjennomførte fire seremoniar saman med ein sjaman. Opplegget gjekk ut på at dei skulle drikka ein spesiell te som gjorde at ein kjende seg uvel etter ei stund.

Ein drakk då fleire liter vatn før ein kasta opp alt saman. Etterpå la alle seg ned på golvet att, og så fekk dei psykedeliske syner. Eivind opplevde at han såg sjela si som udøyeleg og separert frå kroppen. Dessutan hadde han eit fælt syn av ein gigantisk slange som kom inn gjennom munnen hans.



Då han kom attende til Noreg, var han veldig på leit. Då hadde fienden fått innpass, slangen hadde fått lov til å koma inn, som han seier det. Det førte til at eg dukka djupare inn i nyreligion, vart meir søkjande. Eg begynte m.a. med Kundalini-yoga, som betyr «slangen sin yoga», seier han. Ein gong opplevde eg det som ei kraft tok over kroppen min, og eg begynte å bevega meg ufrivillig.

Møtte Jesus på telttur!

Di meir eg søkte, di verre vart alle ting inni meg, minnest han. Alle relasjonane i familien vart meir kompliserte. Eg hadde ei sterk kjensle av at det gav meg ingenting. Eg kunne kjenna på ei viss tilfredsstilling, men det gav aldri full lindring.

Det toppa seg under corona-perioden, fortel Eivind. Eg var så langt nede. Eg var på botnen. Eg hadde hatt nokre små «dytt» av Jesus. Ut av det blå tok eg med meg ein bibel

og drog på telttur saman med hunden min. Eg følte at eg var komen til enden av meg sjølv, hadde ingen utveg. Eg endte opp med å seia: «OK Gud/Jesus, viss du er den du er, så trur eg på deg».

Då vart eg radikalt fødd på nytt! Det var som ein støyt, som ei flodbølge som kom inn i meg, som å bli gjort levande. Eg fekk eit opplyst sinn med ein gong; eg såg at eg hadde gjort mykje gale. Eg var ein syndar, og eg trong ein Frelsar. Eg landa berre med ein enorm fred. Eg trur ikkje at eg las i Bibelen den kvelden, eg trur berre eg la meg. Eg vakna neste dag som ein heilt ny mann!

Som på ein rakett – men fred i hjarta!

Den fyrste tida etter at eg vart frelst, er litt uklar for meg no. Men eg trur Gud måtte byggja livet mitt litt opp igjen. Gud måtte på ein måte rydda i livet mitt. Han gjorde mange ting, rydda opp i uvanar og alt det som ein gjorde som ikkje var rett. Eg følte nesten at eg sat på ein rakett og heldt meg fast! Det skjedde så mykje i livet mitt.

Det er heilt enormt å koma inn i dette, vitnar Eivind – å kjenna på kjærleik frå ein Gud og far som ikkje gjer feil, og som har elska meg heile tida. Det er som å koma frå ein storm og inn i ei trygg havn. Eg fekk rett og slett fred i hjarta!

Gud har vore veldig god mot meg etter at eg vart frelst. Eg har fått to fine fellesskap. I dag kjenner eg på rik velsigning i fellesskapet: At me kan be for kvarandre, oppmuntra kvarandre og halda kvarandre oppe! Eg ser Guds hand sterkare i alle ting. Som person kan eg kvila i at Gud held heile jorda i si hand. Han veit alt som skal skje. Eg kjem som eit barn til Far med tillit, tru og håp!



Inspirerende undervisning og gode glimt frå bygdene

Det myldrar av liv i gongen, og snart gode samtalar rundt borda. Etterkvart startar lovsongen framme, godt leia av miljøarbeidar Lars Hetlesæter saman med elevar frå Framnes. Me er på Forsamlingskonferanse i Norheimsund bedehus 16. mars.

Det er mykje godt som kunne vore trekt fram frå fellesundervisning og seminar denne dagen. Her vel me likevel å trekka fram glimt som vart delt frå det lokale arbeidet.

Kåre Johan Hamre og John Rikard Mandelid deler frå Granvin. Med fellestema om «små båter» friskt i minnet, seier John Rikard at me er små båtar på det mørke havet, og har fyrlykter som viser veg. Sjølv kom han til ei hamn. Han møtte Kåre Johan ute på tur då han var langt nede. Etterkvart kom dei i kontakt med fleire som var undervegs i livet og trua, og starta bibelgruppe.

Disippelskap på Framnes er tema til Alma Eikeland og Samuel Sandvik. Levande fortel dei om bønemøte, møte med lovsong, bibelgrupper og krigerne – der ein snakkar meir ekte om livet. Elevane blir sterkt prega av det som skjer. Då eg begynte på Framnes hadde eg ei lunken tru, seier Alma. - Eg har gått frå ein lukka til ein open bibel, frå å gå lite på møte til å tala sjølv.

Julie Haaberg deler frå ungdomsarbeidet. – Me såg at fleire av ungdommane trong meir påfyll, og har starta bibelgruppe. Styremedlemmer blir tryggare til å dela tru og får øvd seg i å be. Me brukar dei små øyeblikka me har; inviterer på middag, handlar saman til Origo og bygger relasjonar. Kva fokuserer me på som skal leia ungdommane til Jesus og teneste, utfordra Julie på oss på. Relasjon, tid og ansvar er viktige nøkkelord.

Bøn på Voss vert løfta fram av Knut Kvamme. Det vart bygd 3000 bedehus i vekkingstider. Gjennom «små båter» vert me løfta tilbake til det me starta opp i. Me skal ikkje berre få arrangera og be Gud om velsigning for det me held på med, men først og fremst henvenda oss til Gud med våre liv. På Voss startar dei kvart semester med felles bønelenke, der det er kontinuerleg bøn frå tysdag morgon til torsdag kveld. Det har sin funksjon.



Anne Christin og Hans Arne Børsheim trivdes godt på konferansen. Forutan det sosiale, sette dei pris på inspirerende undervisning og seminar, og ikkje minst gode glimt frå arbeidet i bygdene.

Fylte bedehuset og litt til

Dette fortel Anbjørg Tufteland Sandvik, leiar i Osterneset kvinneforening. Laurdag 16. mars inviterte dei til basar, og folket kom. – Me var rundt 70 menneske, store og små. Folk har tilhøyr til bedehuset, etter at det har blitt drive arbeid her i mange år.

Marit Andresen Røen heldt andakt. Ho sette brillene på seg, og var magisk der ho stod, seier Anbjørg. Ein sentral bodskap fengde store og små. - Me fekk inn om lag kr 52.000,-. Rundt kr 20.000,- vart samla inn på førehand.

Hatt ansvar i om lag 40 år
Anbjørg overtok ansvaret etter mora, og har hatt ansvar i om lag 40. Me har rekneskap frå foreininga heilt tilbake til 1915, fortel Anbjørg.

Glede i å få laga til
- Me er eit godt team på fem foreiningskvinner som lagar til basar. Her er vår plass. Her høyrer me til. Me har velvillige folk rundt oss, og kjenner glede i å få laga til. Det går så fint, seier ein optimistisk leiar. Me veit kva som skal gjerast. Me tar med oss mat, og alt er godt planlagt.

Ein gong i månaden er det foreiningskveld på bedehuset. Det er fint å ha det i all enkelheit. Me tar med mat og kaffi, har andakt og syng litt. Me starta med å ha det her i koronatida, og

fortsatte etter det. Me kjenner at me er del av ein stor familie, IMS-familien. Under foreiningskveldane snakkar me om Brandøy, leiar og anna.



Osterneset kvinneforening. F.v. Anbjørg Tufteland Sandvik, Eldbjørg Tufteland, Aud Kirsten Helland, Kirsten Stokken og Guro Tveit.

I år er det åtte ungdommar frå området vårt som går første året på Bildøy bibelskule. Me har hatt ein liten prat og stilt følgjande spørsmål:

1. Kvifor har du valt eit år på bibelskule/Bildøy?
2. Korleis har du opplevd året?
3. Kva tankar har du om vegen vidare?

Erling Cunningham, Halsnøy

1. For å vekse nærare Jesus og få eit godt grunnlag for resten av livet som kristen. Eg vil leve for Jesus og vere eit lys for verda.

2. Det har vore fullt av glede og velsigning. Eg har fått gode venner og vakse nærare Jesus. Eg har blitt utfordra på ulike tankar innanfor Bibelen og trua. Eg har halde andakt og vore i praksis i forsamling. Med Credo har eg fått reise til USA og Hellas.

3. Til neste år gler eg meg veldig til å gå tjenestelinja på Bildøy, og ha praksis på Straume Forum.

Benjamin Espevik, Foldrøyhamn

1. For å få ei grunnfesta tru som held livet ut! Er det noko som betyr noko, er det akkurat det; å stå fast i trua!

2. Året har overgått alle forventningar! Folk og turane har vore 10 av 10. Ikkje minst fokuset på Jesus har verkeleg vore det som har betydd mest dette året, og gjort dette året så bra som det har blitt!

3. Vegen vidare legg me i Guds hender, så får me sjå kor me blir leia. Nå ser det ut til å bli Bergen til hausten.

Ole André Stokken, Fitjar

1. Eg ønskte å setje av eit år til Gud. På lovsongslinja ville eg lære meir om lovsong, og kva bibelen seier om lovsong og tilbeding.

2. Året har vore trusstyrkande. Våren med ut-fokus viser at Jesus talar sant når Han seier Han er med gjennom alt! Å dukka djupare inn i Guds ord gav gode frukter gjennom heile året. Jesus ønsker verkeleg å ta oss inn i ein fantastisk relasjon med Han!

3. Eg skal gå tjeneste på Bildøy og vera stipendiat på lovsongslinja. Så blir det kanskje årsstudie i Oslo om lovsong. Ein draum er også å vere ungdomsarbeidar med fokus på musikk.

Knut Røksund, Moster

1. På Kongshaug Musikk-gymnas fekk eg ein kompis som skulle på Bildøy, så eg blei med han hit. Eg ville også ha eit år med fri og Gud, og læra meir om Bibelen, meg sjølv og trua.

2. Året har vore supert. Eg har lært mykje om Bibelen og korleis eg skal forsvare trua og mine verdier, korleis eg skal lese og forstå det som står i Guds ord. På lovsongslinja har eg lært å ta ned presentasjonsnivået innafør speling på trommer.

3. Eg og kompisen min skal til Kongshaug som miljøarbeidarar!

Samuel Andersland, Stord

1. Eg starta på Bildøy fordi eg ønskte eit friår der eg kunne få lære meir om trua mi og Jesus, samstundes som eg fekk vere aktiv. Derfor vart KRIK-linja eit naturleg val.

2. Året har vore heilt fantastisk. Eg har fått god undervisning, mange nye venner og vore på fleire turar rundt omkring, blant anna til Tanzania.

3. Eg skal studere i Bergen. Eg er glad for at eg valde å ta eit år på Bildøy først, slik at eg fekk vekse meir i trua mi.

Emilie Fyllingen, Stord

1. Mitt val etter VGS har alltid vore veldig tydeleg. Bildøy var neste steg på ferda inn i vaksen-livet! Eg har alltid høyrte mykje bra om Bildøy frå mamma og pappa, som begge har gått der.

2. Gjengen på lovsangslinja har blitt som familie. Å få fylle seg med Guds sanningar, og sette fokuset på rett plass har vore den beste delen med heile Bildøy-opplevinga.

3. Planen min er å flytte til Trondheim, der eg skal studere til barneha-gelærer med vekt på musikk, drama, kunst og håndverk på Dronning-MaudsMinne.



Bakerste rekke f.v.: Erling Cunningham, Benjamin Espevik, Ole André Stokken, Knut Røksund, Samuel Langeland og Emilie Fyllingen. Framme f.v.: Emil Nistad og Jakob Myhre

Emil Nistad, Hatlestrand

1. Eg ønska å sette av eit heilt år til å vekse i min relasjon med Jesus. Eg ønska også å teste ut misjonærlivet, på linja «Internasjonal», der me har vore i Sør Afrika og Mexico.

2. Det har vore veldig utfordrande og lærerikt. Eg har fått vere med å tene i ulike nasjonar og kontinent. Eg har blitt utfordra på om mitt fokus verkeleg er på Jesus. Jesus sier at der din skatt er, vil også ditt hjarte vere.

3. Til neste år gler eg meg til å vere stipendiat på internasjonal-linja!

Jakob Myhre, Fitjar

1. Eg hadde lyst å ha eit år der eg bygger røter i trua og har det gøy samtidig.

2. I tillegg til spektakulære og fabelaktige turar, har eg opplevd ein nærare relasjon til Jesus. Det har definitivt vore det beste! Å bu med sine beste venner har betydd mykje! Ein møter motbakkar i livet, og det å ha nære venner som støttar er så dyrebart! Eit år på Bibelskole har på alle måtar vore verdt det.

3. Neste år blir det sannsynlegvis jobb som ungdomsarbeidar i Øygar-den kyrkje, eventuelt studie. Planane er ikkje heilt landa enda. Etter det blir det å realisere draumane eg har! Salme 37, 3-6.



I skrivande stund sit eg med beina høgt, kaffien klar, og ein god reste-dessert er fortært. I løpet av dei siste ti dagane har vi vore på utsendingsmøte parallelt med at det var forsamlingshelg på Brandøy, vi har hatt Brandøystyremøte her, vi har hatt tre flotte døgn med Vårtreff, samt catering av middag til eit lokalt treff. Her har vore tre konfirmasjonsselskap, og catering til to andre konfirmasjonsselskap. Det har, mykje takka vere kjempeflotte medarbeidarar, gått veldig fint! Det er kjekt å få oppleva at det «kokar» innimellom! Men det er også viktig med balanse, og nå seier kalenderen at vi går ein rolegare mai månad i møte.

På styremøtet i april takka vi av Ingrid Tveit som har vore leiar i Brandøystyret dei siste sju åra. Ho har stilt villig opp i mange ulike oppgåver, og vi er glade for tid og evner ho har brukt på Brandøy - så langt! Ny styreleiar er Ole Bjarte Fylkesnes (tidlegare nestleiar). Elisabeth Stople Gregersen er ny nestleiar i styret. Vi set stor pris på å spela på lag med eit styre som er engasjerte og bidrar, og ivrar for både drift og utvikling av Brandøy.

Gjennom vinteren har det vore godt med besøk på Brandøy. Økonomisk er vi meir optimistiske enn dei førre åra etter koronatida. Det er viktig og nødvendig - og like fullt varmande og oppmuntrande - at Brandøyvener framleis stiller opp med økonomisk støtte. På gåvegiro utsendt i mars er det no komme inn ca 80 000 kroner. Hjarsteleg takk for støtta!

Eit større Brandøylotteri pågår fram mot IMS Sommarfest. Det er ein fin moglegheit til å støtta Brandøy, og samstundes ha ein sjanse til å vinna flotte gevinstar! Her er hovudgevinsten overnatting ei helg i leilegheit i Helgatunlia (verdi 8 000 kr). Vidare kan ein vinna ein PlayStation 5 Slim, SurPlus Aqua SUP, Legio Nova bestikksett 48 delar, storfeskinn frå Granberg Garveri, bålpanne, og endå mange fleire flotte gevinstar. Om alle lodd vert selt, kan Brandøy få nærmare 200 000 kr sidan mange av gevinstane er gitt/sponsa. Det kjem godt med i vidare utvikling av plassen!

Du kan klikka inn på lodd.brandoy.no og kjøpa lodd, så noterer vi fortløpande i loddbøkene. Takk for alle kjøp!

Og IMS Sommarfest håpar vi du vil ta turen innom!

Det vart ei givande og flott helg i fjor. I år blir IMS Sommarfest helga 14.-16. juni. Påmeldinga er godt i gang! Vi treng ein god gjeng med frivillige som kan bidra litt underveis. Ta gjerne kontakt om du kan tenka deg å ta ei vakt eller tre i kafeen, som parkeringsvakt, eller kanskje du kan bli med på å gjennomføra misjonstivoli? Men først og fremst håpar vi du kan bli med på å leggja helga fram for Gud i bøn. Ver med og be for Vidar Mæland Bakke og Viggo Klausen som deltek med formidling av Guds ord. Be for barn og unge på IMS Sommarfest. Be om opne hjarte til å ta imot Guds Ord, og om ringverknader utover akkurat denne eine helga. Ver også med og be for alt det praktiske som skal på plass. Det gjorde inntrykk å få oppleva sol og varme gjennom heile IMS Sommarfest 2023, og å sjå dei mørke regnskyene som rulla inn over fjorden medan siste del av teltet vart pakka ned. Regnet bøtta ned først akkurat idet vi hadde fått alt under tak. Ver gjerne med og be om godt vêr i år også!

Kaffikoppen er no tom, og det går mot slutten på dagens innblikk her. Håpar mange av dykk vil ta turen til Brandøy i løpet av sommaren! Det nærmar seg også ny leirse-song, og det er alltid både gøy og spennande!

Vi helsar med Hebr 4,16: *«Lat oss difor stiga fram for nådens kongsstol med frimod, så vi kan finna miskunn og finna nåde som gjev hjelp i rette tid.»*

Helsing oss på Brandøy, ved Annbjørg og Andreas Våge



Gøy på Juniorleir!



HIMMEL OVER LIVET

FREDAG

Frå 17.00 Innkvartering

18.00 Grillbuffè ute

19.00 Kick off for born i skulealder med **Viggo Klausen**, i møtesalen

19.00 Kick off for ungdomane

20.30 Sommarkveld i teltet

- **Viggo Klausen**
- **Himmelpust**
- **Lill-Inger Velde**
- **Jorunn Eikemo**

Open kafè utover kvelden

LAURDAG

08.30-09.30 Frukostbuffè

09.50 Ti-på-ti bøn i teltet

10.30 Bibel og fellesskap i teltet

Vidar Mæland Bakke

«Himmel over livet -
- når himmelen skjuler seg bak skyene»

Barnas sommarfest i møtesalen med **Viggo Klausen**

12.30 Lunsj

14.00 Misjonstivoli

Hoppeslott, bungee-run, lykkehjul, fotball-dart, ansiktsmaling m.m.

15.00 Misjonsløp til inntekt for IMS

16.30 Utflukt for ungdomane

16.30 Seminartid

Viggo Klausen:

«Barn og trusforsvar»

Vidar Mæland Bakke:

«Disippelrytmer»

17.30 Middag

19.00 Alle-saman-møte i teltet med **Viggo Klausen**

Open kafè utover kvelden med trekking av BRANDØY-lotteriet

SØNDAG

08.30-09.30 Frukostbuffè

09.50 Ti-på-ti bøn i teltet

10.30 Bibel og fellesskap i teltet

Vidar Mæland Bakke

«Himmel over livet
- når eg ser din himmel»

Song ved **Linn B. Røen** og **Knut Inge Røen**

Alle møter i teltet kl 10:30 til song og nattverd. Barnas sommarfest fortset med **Viggo Klausen** i møtesalen etterpå.

12.30-14.00 Fleksimiddag



VIDAR MÆLAND BAKKE

Hovudprest og dagleg leiar i ByMenigheten - Sandnes



VIGGO KLAUSEN

Trusformidlar, songforfattar og musikar

Påmelding på
WWW.IMS-SOMMARFEST.NO

ims
SOMMAR
FEST

BRANDØY
14.-16. JUNI 2024

WWW.IMS-SOMMARFEST.NO



SJEKK UT
EIGE UNGDOMSOPPLEGG



PÅ TAVLA

UNGDOMSMØTEHELGA

PIT STOP

10.-12. OKTOBER
LEIRVIK BEDEHUS

FACEBOOK.COM/PITSTOPLEIRVIK
INSTAGRAM: @PITSTOP.LEIRVIK

Velkommen til
Kvinnedagar på Brandøy
9.-11. september

Tema for dagane:
Ei enkel bøn

Medverkande:
Kirsti Angvik Frugård
Björg Marit Notland

Song:
Kor Enkelt

Påmelding:
indremisjonen.no/leirar

Velkommen til
Damehelg på Helgaton
13.-15. september

I DI HAND ER MINE TIDER

Talar: Lise Marie Thuestad Litlabø
Song: Camilla Hallaråker

Leiarar:
Sylvi Sørfonn
Anne Marie Solsvik
Birgit Mørkve Hjelmeland
Jorunn Fylkesnes Johannessen

Påmelding: helgaton@helgaton.no eller tlf. 56 51 98 98

HJARTELEG VELKOMMEN TIL
SUNNHORDLANDSTREFF
PÅ HELGATUN
12.-16. AUGUST 2024

Buss frå Bremnes, Stord, Fitjar og Os
Korrespondanse med Kvinnherad og Tysnes

Påmelding til Helgaton tlf. 56 51 98 98
Mail: helgaton@helgaton.no

LYNGDAL BIBELCAMP 2024

I.-28. juli

LYNGDAL BIBELCAMP

Verdifull
Bok & Hobby Tlf. 40 43 04 97

imf imfung

VELKOMMEN TIL
Familieleir på Brandøy
28. juni - 02. juli

Påmelding og info på indremisjonen.no/leirar/

HELGATUN - 19.-22. SEPTEMBER 2024

JAKT- OG FRILUFTSLEIR

+ PUSTEROM = sant

Denne leiren er ei samanslåing av Jaktleir og Pusterom. ALLE er velkomne!

Velkommen til
Haustmøte

Leirvik Bedehus
25.-27. oktober

Hovudtalar: Jens-Petter Jørgensen

INDREMISJONSKONTORET
ER SOMMARSTENGT
I VEKE:

28
29
30
31
32

Meir informasjon, prisar og påmelding finn du på
IMS-SOMMARFEST.NO

VIDAR MÆLAND BAKKE
Hovudprest og dagleg leiar
i ByMenigheten - Sandnes

Me inviterer til stor familiefest med fellesskap i fokus, der me legg opp til eit allsidig og kjekt program for alle generasjonar!

Velkommen!

VIGGO KLAUSEN
Truslemiddel songar/fatter og musikanter